

Amalie speler vesle Cosette

Amalie Habbestad (9) skal spele ei av hovudrollene i Bømlø Musikal Laug sin storoppsetnad av "Les Misérables". Som vesle Cosette skal ho både syngje og seie fram nokre kjappe replikkar. Amalie fortel at ho gler seg til framføringane.

Håvard Hammarstrøm

Amalie Habbestad (9) har alt vore med i ei rekke teaterstykker trass hennar unge alder. Ho var med i Bømlø Musikal Laug sin oppsetnad av "Jesus Christ Superstar" i Moster Amfi, og i Disney-musikalen "Zero to Hero" spelte ho Jessie. Amalie fortel at Jessite er ein fulgur i "Toy Story 2", og i "Zero to Hero" skulle ho prøve å finne att filmen sin. I tillegg til dette har Amalie vore med på å spele teater i Haugesund. "Tre juleeventyr" sto på plakaten ein gong, og Amalie har også spelt soldat i ein oppsetnad av Robin Hood.

-Eg har vore glad i å syngje heilt sidan eg var liten. Då var det "Spice Girls" som var favoritten. Sidan vann eg ein talentkonkurranse i samband med Bømlodagane. Dei 1000 kronene gjekk til fjernsyn, seier Amalie med eit smil. Ho seier ho tykkjer det er veldig moro både å spele i teater og det å sjå teater.

-Eg såg Mostraspelet bårde i fjor og i år. Det tykte eg var veldig kjekt. I Haugesund fekk me ein gong sjå så mykje teater me ville gratis. Det var gøy, seier ho.

Frå fattig til rik

-Kven er det så du skal spele i "Les Misérables"?

-Vesle Cosette er ei fattig jente som vaskar golv. Eg har ingen til å ta vare på meg. Når mora mi kjem i fengsel kjem dei ein rik mann som tilbyr seg å ta vare på meg, seier Amalie. Ho seier ho skal syngje ein del i stykket.

-Songen føler eg at eg byrjer å få taket på, og så skal eg snakke veldig fort.

-Blir det mykje øving på deg?

-Eg har øvd ganske mykje på songen min.

-Korleis er det å vere med på oppsetnaden av "Les misérables"?

-Det er moro å vere med i eit stykke der det er så mange med. Eg elsker dette. Det er så dumt og trist når det er siste førestilling. Det er så kjekt å øve og spele. Eg gler meg veldig til framsyningane. Under øvingane er det ekstra kjekt at det er firemenningen min som er reserve for meg. Ho kjenner eg godt. Når ei framsyning er over gler eg meg alltid til neste, seier ho, og legg til med eit smil:

-Under "Jesus Christ Superstar" spelte eg også ei fattig jente. Då kunne eg skitne til kostymet mitt så mykje eg ville. -Det er mange som er fattige i dette stykket, og så blir det jo revolusjon. Det er ikkje løye at stykket heiter "De elendige". Det er ei god historie. Godt skrive, meiner Amalie.